



Jan-Helge Lavik  
Langhøyane 37 A  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6735 - 22/72251

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
20.09.2022

## Endringsvedtak - utsleppsløyve gbnr. 445/352 Manger nedre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1010/22

**Byggestad:** Gbnr: 445/352  
**Tiltakshavar:** Jan-Helge Lavik  
**Ansvarleg søkjar:** Jan-Helge Lavik  
**Søknadstype:**

Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### VEDTAK

Søknad om endring av løyve datert 14.09.2021 vert godkjent.

Endringa gjeld utsleppstad og kjemikaliebruk.

Det vert gjeve løyve av utslepp bassengvatn til terreng på eigen eigedom som vist i situasjonsplan datert 18.02.2022 på følgjande vilkår:

1. Utsleppsløyve vert gjeve for symjebasseng med storleik på om lag 27 m<sup>2</sup>
2. Avløpsvatnet skal sleppast ut på eigen eigedom, utslepp skal skje over tid og må ikkje påføra omgjevnadane forureiningsproblem.
3. Før nedtapping skal bassenget stå utan kjemikalietilførsel i 14 dagar. Kjemikaliemengd i avløpsvatnet skal vera tilnærma null ved utslepp til terreng.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensning av forurensing, § 12-7.

Vedtaket er heimla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av utsleppsløyve sak 952/2, vedtak datert 14.09.2022. Endringa gjeld utsleppstad og kjemikaliebruk.

Tiltakshavar søker om utslipp av bassengvatn til terreng på eigen eigedom. Kjemikaliebruk vert endra frå klor til hydrogenperoksid og Algicid. Svovelsyre vert tilført i små mengder for å regulere vatn sin PH-verdi.

Tiltakshavar opplyser i endringsøknaden at før nedtapping av bassengvatnet om hausten vert bassenget ståande utan kjemikalietilførsel i ein til to veker. Vatnet vil då vere tilnærma reint og kan sleppast ut til terreng.

Det vert elles vist til søknad mottatt 07.09.2022.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.09.2022 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå den dato.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

### **Plassering**

Plassering og utslppsstad er vist i kart datert 18.02.2022.

## **KOMMUNENS VURDERING AV SØKNADEN**

### **Endring av gitt løyve**

Endringar vert godkjent slik det går fram av søknaden. Det vert vurdert at endring av utslppsstad og kjemikalebruk ikkje vil påverka omgjevnadane i noko særleg grad. Vilkår vert sett at bassengvatnet vert ståande utan tilførsel av kjemikalier i 14 dagar og utslippet skjer over tid slik at det ikkje påfører omgjevnadane noko forureiningsproblem.

### **Nabovarsling.**

Alver kommune legg til grunn at omsøkte endringar ikkje rårar naboar i noko særleg grad og at det ikkje er naudsynt med ny nabovarsling.

### **Plassering**

Plassering av leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med situasjonsplan datert 18.02.2022.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Mynde til å gjere vedtak i saka**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Du kan klage på dette vedtaket**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Anlegget er ditt ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Du må sette i gang innan tre år**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Kommunens tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

### **Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/6735**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Jan-Helge Lavik

Langhøyane 37 A

5936

MANGER